

KOMMUNIKASJONS- STRATEGI

for Nord universitet 2024-2030

Vår visjon «**Nord i verda – Kunnskap for fremtida**» skal speglast i kommunikasjonsarbeidet ved Nord universitet.

Kommunikasjonsarbeidet skal bidra til synlegheit og posisjonering av sterke fag- og forskingsmiljø, og av Nord universitet som ein relevant, innovativ og sterk samfunnsaktør.

Open, proaktiv, heilskapleg og korrekt kommunikasjon er viktig både internt i universitetet og med verda rundt. Vi skal bruke kommunikasjon som eit strategisk verkemiddel for å nå ambisjonane i universitetet sin Strategi 2030.

Nord universitet sine verdiar, respekt, openheit, nærleik og kreativitet skal gjenspeglast i kommunikasjonsarbeidet.

Alle studentane våre og alle tilsette ved Nord universitet er kommunikasjonsmedarbeidarar. Saman er vi med på å påverke omgivnadene og kva for eit bilete omverda har av oss. Den positive krafta som ligg i dette, skal vi bruke på ein medviten måte.

ROLLER OG ANSVAR I KOMMUNIKASJONSARBEIDET

Universitetsleiinga: Rektor er øvste leiar og har det overordna ansvaret for all verksemd ved Nord universitet, inkludert intern og ekstern kommunikasjon.

Leiarar: Leiarar ved fakultet, faggrupper, sentre, fellesadministrasjon og andre einingar har ansvar for intern og ekstern kommunikasjon i si eining.

Kommunikasjonssjef: Kommunikasjonssjef har redaktøransvar for nord.no, for dei offisielle kanalane for sosiale medier ved Nord universitet og for intranettet iNord.


Linjeansvar: Kommunikasjon er eit leiaransvar. Kommunikasjonsarbeidet følger Statens kommunikasjonspolitikk, og blir utført etter lineprinsippet. Kommunikasjonsansvaret følgjer saksansvaret. Det gjeld både for leiarar og medarbeidarar.

Forskarar: Forskarar har ansvar for å kommunisere eiga forskning og forskning frå eige fagområde.

Alle medarbeidarar har ansvar for å følge med på informasjon som blir gitt i offisielle kanalar ved Nord universitet, og relevant kunnskap og informasjon skal delast med kollegaer og studentar.

Kommunikasjonseininga: Kommunikasjonseininga er ein aktiv pådrivar for godt kommunikasjonsarbeid ved universitetet. Avdelinga har ansvar for:

- å støtte opp om og koordinere den heilskaplege kommunikasjonsaktiviteten ved Nord universitet.
- at dei strategiske prioriteringane i organisasjonen er førande for ressursbruk og oppbygging av nødvendig kommunikasjonskompetanse.
- å synleggjere korleis kommunikasjonsressursane blir prioritert.
- å gi kommunikasjonsråd til leiinga, styrke verksemdskommunikasjon og krisekommunikasjon samt legge til rette for god internkommunikasjon.
- medierådgeving og mediehandtering.
- at tilsette har tilgang på kommunikasjonsverktøy og malar for effektiv kommunikasjon.
- det overordna rekrutteringsarbeidet av studentar, inkludert digital marknadsføring og fysiske arrangement.
- å vere ein pådrivar for rekruttering gjennom bruk av nettverk og samarbeidspartnarar.
- å bruke kommunikasjon for å synleggjere sterke forskingsmiljø og forskning innanfor dei tematiske områda «blå og grøn vekst», «helse, velferd og oppvekst», «samfunnstryggleik» og «innovasjon og entreprenørskap».
- å vere innhaldsprodusent og ein pådrivar for relevant redaksjonelt innhald i eigne kanalar.
- å vere innhaldsprodusent for og forvalte Nord sine offisielle sosiale medium, dagleg drift og utvikling av www.nord.no og intranettet iNord, i tråd med universitetet sine behov og strategiske satsingar.
- utvikling og forvaltning av Nord universitet sin grafiske profil.
- å revidere kommunikasjonsstrategien og sørge for at den blir oppdatert i samsvar med gjeldande strategi, leiinga sine prioriteringar og universitetet sine ambisjonar innan områda som inngår i kommunikasjonsstrategien.



VERKEOMRÅDE FOR NORD SIN KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

Kommunikasjonsstrategien omfattar **fire sentrale område**:

- **Studentrekruttering**
- **Forskningsformidling**
- **Verksemdskommunikasjon**
- **Internkommunikasjon**

Kommunikasjonsstrategien gjeld for perioden 2024-2030. Den blir følgd opp av årlege handlingsplanar som støttar opp om ambisjonane for dei utvalde områda i strategien. I handlingsplanane skal det komme fram kva for tiltak som blir prioriterte til kva tid, mål med tiltaket, budskap, ansvar for gjennomføring, målgruppe og eventuell måling av effekt.



● **STUDENTREKRUTTERING**

For Nord universitet og regionen som heilskap, er det viktig at universitetet befester og styrker sin posisjon overfor unge studentar. Kommunikasjonsarbeidet skal bidra til at ungdom er kjend med det breie spekteret av utdanningar i Nord sin studieportefølje, og at det er eit attraktivt val for dei som skal utdanne seg innan våre fagområde.

Nord universitet skal målrette og utvikle marknadsføringa for å rekruttere fleire studentar. Arbeidet skal vurderast, utviklast og målast.

- Nord universitet skal bruke sosiale medium strategisk for å rekruttere studentar.
- Nord universitet skal prioritere dei mest attraktive studieprogramma og bruke dei som spydspiss i marknadsføringa.
- Nord universitet sin kommunikasjon skal bidra til at vi tar ein nasjonal posisjon som tilbydar av fleksible og nettbaserte utdanningstilbod.

- Nord universitet skal auke rekrutteringa til etter- og vidareutdanning, blant anna gjennom fakulteta sine alumniordningar og i samspel med eksisterande og potensielle samarbeidspartnarar i og utanfor vår region.
- Nord universitet skal arbeide strategisk for å rekruttere internasjonale studentar, blant anna gjennom arbeid i etablerte nettverk og alliansar, nye nettverk og relevante marknadsføringskanalar.
- Nord universitet skal samarbeide om rekruttering med partnarar og aktørar i offentleg og privat arbeids- og næringsliv, og bidra til at fleire tar ansvar for rekruttering til samfunnskritiske yrke som til dømes sjukepleie- og lærarutdanning.



FORSKNINGSFORMIDLING

Det er eit mål at Nord universitet skal vere kjent som eit forskningstungt universitet innanfor våre strategisk prioriterte område.

Alle forskarar har ansvar for å kommunisere eigen forskning og synleggjere forskingsmiljø dei er ein del av.

I 2023 blei det gjennomført ei omdømmeundersøking som identifiserte forskning som eit område ved Nord universitet som har eit særleg potensial for utvikling. Vi må synleggjere utvalde forskingsfelt ved universitetet. Dette er også viktig for å auke eksternfinansiering av forskning.


- Nord universitet skal synleggjere forskarar, forskingsmiljø og forskningssamarbeid på nord.no, internt, for eksisterande og nye samarbeidspartnarar, i relevante nasjonale og utanlandske forum og medium, og på arenaer for samfunnsdebatt. Denne kommunikasjonen skal utviklast i samarbeid mellom forskingsleiarar, forskingsmiljø, forskingsadministrasjon og kommunikasjonsmedarbeidarar.
- Nord universitet skal fremje populærvitskapleg formidling av forskning for å synleggjere den betydninga og verdien Nord si forskning har for samfunns- og næringsliv.

VERKSEMDKOMMUNIKASJON

Strategisk kommunikasjon skal bidra til å posisjonere Nord universitet som ein viktig aktør i det nasjonale utdanningslandskapet. Dette har betydning både for rekruttering av studentar og tilsette.

For å fremme universitetet si rolle og bidrag til samfunns- og næringsliv, skal vi vere proaktive i vår kommunikasjon og auke nærvær i nasjonale medium og på relevante arenaer.

- Nord universitet skal arrangere og delta i nasjonale konferansar og seminar.
- Nord universitet skal gjennom sin kommunikasjon med omverda bidra til auka kompetanse og berekraftig verdiskaping i Nordland og Trøndelag.
- Nord universitet skal synleggjere internasjonalt samarbeid og Nord universitet sin posisjon som kunnskapsaktør i nordområda. Vi skal bruke samarbeidet i universitetsalliansen SEA-EU, Arctic Six og andre internasjonale nettverk strategisk i kommunikasjonsarbeidet.
- Nord universitet skal synleggjere korleis vi ivaretar vårt nasjonale ansvar for sør- og lulesamisk språk og kultur. Her skal universitetet styrke samarbeidet med eksisterande og framtidige samarbeidspartnarar og nettverk, både innan utdanning og forskning.
- Nord universitet skal kommunisere internt om arenaer der leiinga ved Nord har ei aktiv eller strategisk deltaking.
- Nord universitet skal kommunisere effektivt og direkte til studentar.



INTERNKOMMUNIKASJON

Nord universitet sitt intranett er hovudkanal for felles informasjon til alle tilsette. Intranettet skal bli brukt systematisk for å gjere tilsette kjende med Nord sine ambisjonar og vise korleis vi arbeider for å nå desse.

- Nord universitet skal utvikle internkommunikasjonen for å bygge og styrke organisasjonskulturen. Dette skal bidra til ein sterkare «vi-følelse» og engasjement på heile universitetet.
- Nord universitet skal etablere og halde ved like ein strukturert og transparent informasjonsflyt for å sikre at alle tilsette har tilgang til relevant informasjon og at dei får informasjonen dei treng til rett tid.
- Medverknad og dialog skal vere eit førande prinsipp for Nord universitet sin internkommunikasjon.



FORVALTNING OG PRAKTISK BRUK AV NORD SIN KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

Kommunikasjonsstrategien ved Nord universitet er eit verktøy for heile organisasjonen.

«Profilering» skal utgreiast som eit ledd i revisjonen av Strategi 2030, og vil bli tatt inn i kommunikasjonsstrategien på eit seinare tidspunkt.

Kommunikasjonsstrategien blir følgt opp av handlingsplanar.

Det er ei forventning at tilsette kjenner til føringane som ligg i Nord sin kommunikasjonsstrategi.

